

Framlegg til planprogram

Områdeplan for Øystese, Kvam herad.



Datert: 06.09.2021

Innhald

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN	3
1.2	FØREMÅL.....	3
1.3	NØKKELOPPLYSNINGAR OG PLANOMRÅDET.....	4
2	PLANPROSESS	7
2.1	KONSEKVENSGREIING	7
2.2	PLANPROGRAM.....	7
2.3	PLANFORSLAG	7
2.4	PLANPROSESS.....	7
2.5	ORGANISERING	8
2.6	FRAMDRIFT	9
3	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	9
3.1	NASJONALE FØRINGAR OG RAMMER.....	9
3.2	REGIONALE FØRINGAR OG RAMMER	11
3.3	LOKALE FØRINGAR OG RAMMER	12
3.4	GODKJENTE REGULERINGSPANAR I OMRÅDET.....	15
4	UTFORDRINGAR OG SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR.....	17

1 Innleiing

Planprogrammet skildrar bakgrunnen for arbeidet med områdeplan for Øystese, kva planen skal omfatta, problemstillingar planen skal løyse/vurdere, korleis arbeidet er organisert og opplegg for medverknadsprosess.

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 4-1. I all hovudsak vil områdeplanen verta utarbeida i tråd med kommuneplanen sin arealdel og Kvam herad har difor vurdert at planarbeidet ikkje fell inn under forskrift om konsekvensutgreiing av 22.06.2017. Kommunen ønskjer likevel at det vert utarbeida eit planprogram som gjer greie for rammene for planarbeidet, skisserer arbeidsprosess og medverknad, samt avklarar problemstillingar.

Kvam herad er forslagsstillar og ABO Plan & Arkitektur AS er plankonsulent.

1.1 Bakgrunn

Kvam herad ønsker å vidareutvikla Øystese til eit attraktivt, trygt og velfungerande sentrum. Dette skal gjerast gjennom å framheva og foredla staden sin identitet og gode kvalitetar og leggja til rette for betre folkehelse, betre trivnad og auka verdiskaping til beste for heile kommunen og Hardangerregionen.

Øystese er ei bygd med flotte naturgitte forutsetningar. Øystese er ein strandstad der Hardangerfjorden er på sitt breiaste. I bakkant av bygda finn me både dalar, høge toppar og ei elv som renn fritt frå fjord til fjell. Tettare på sentrum vitnar kulturlandskapet tydeleg om lange jordbrukstradisjonar med sau, storfe og ikkje minst fruktdyrking.

Bygda har ein rik historie som har gjeve identitet til bygda. Øystese har mellom anna hatt dampskipskai, vore handelsstad, hatt landsgymnas og vore eige kyrkjesokn. Møbelindustrien og entreprenørverksemda har gjennom åra stått sterkt, og har synt korleis kunnskap og berekraftig ressursutnytting bidreg til lokal verdiskaping. Næringslivet i Øystese har vist evne til nytenking og omstilling, sjølv i tider med store strukturendringar.

Kulturlivet i bygda står sterkt. I samband med val av Øystese for tusenårsstad vart kulturbygget Kabuso reist, like ved museet etter bilethoggar Ingebrikt Vik. Dugnadsanda står sterkt gjennom både foreiningar, idrettslag og eldsjeler. Øystese har eigen siderfestival og bygda var opphavsstaden til festivalen Bygdalarm.

Gjeldande sentrumsplan er frå 1991. I dei seinare åra er det godkjent reguleringsplanar for enkelttomter og mindre delareal. Det er difor stort behov for å få på plass ein revidert sentrumsplan som sørgjer for gjennomgåande strukturar og sikrar felleskvalitetar. Områdeplan for Øystese er ein av planane som låg inne i kommunen sin planstrategi 2015-2019 og som er vidareført i ny planstrategi for perioden 2020-2023.

1.2 Føremål

For å bidra til vidare utvikling, trivsel og verdiskaping trengst det ein ny plan for Øystese sentrum som definerer mål og verdiar og som sikrar samanhengar og heilskap der det tidlegare har vore tenkt meir fragmentert – prosjekt for prosjekt.

Føremålet med områdeplanen er å leggja til rette for heilskapleg og langsiktig utvikling av sentrum. Det er ønskeleg å disponera areal slik at private investorar og offentlege aktørar finn det interessant å delta i utvikling

og bygging av sentrum for å skapa arbeidsplassar og aktivitet. Det er ønskeleg å dyrka fram det lokale og unike for bygda og området, og det er ønskeleg å utvikla ein levande stad som er trygg, inkluderande og tilrettelagt for møte mellom menneske.

Det er nødvendig å vega interesser opp mot kvarandre, og leggja til rette for balansert vekst og utvikling med historie, livskvalitet, samfunnstryggleik og naturgjevne verdjar.


Oppdatert kunnskap om verknadane av klimaendringar og FN sine 17 berekraftsmål gjer at ein har fått ny kunnskap og nye føringar for by- og tettstadsutvikling. Det skal leggjast meir vekt på areal- og transportplanlegging og fleire skal kunne gå og sykle til ulike gjeremål. Planen må ta omsyn til dette, samstundes som ein sikrar god mobilitet også for biltrafikken. Områdeplanen skal leggja til rette for nye utviklingsområde, næringsutvikling, møteplassar, gang-/sykkelnett og trafikkavvikling. Andre tema er flaum-sikring av Øysteseelva og føresegrer som legg til rette for næringsutvikling og bygdeutvikling.

1.3 Nøkkelopplysningar og planområdet


Lokalisering	Planområdet dekkjer størsteparten av Øystese sentrum
Gjeldande planstatus	Planområdet er regulert i tidlegare planar, med unntak av området ved sjukeheimen.
Forslagsstillar	Kvam herad
Plankonsulent	ABO Plan & Arkitektur AS
Hovudformål med områdeplanen	Områdeplanen skal leggja til rette for nye utviklingsområde, næringsutvikling, møteplassar, gang-/sykkelnett og trafikkavvikling.
Planområdets storleik	Ca. 665 daa
Aktuelle problemstillingar	Sikre og utvikle blågrøne strukturar, behov for offentlege funksjonar, mobilitetsløysingar for gåande/syklende og køyrande, transformasjon av området frå Øysteseelva og mot Evjo, møteplassar, bumiljø, arkitektur, byggeskikk m.m.

Det er Øystese sentrum som skal planleggjast i denne omgang og planområdet dekkjer såleis ikkje omkringliggjande bustadområde. Der det er nødvendig å sjå på koplingar, er deler av omkringliggjande område tatt med.

Planområdet i vest tar med areal på sørsida av Vikelva og krysset mot Vavollen. Vidare følgjer plangrensa parallelt med fylkesvegen fram til Øvre Vik og langs vegen til den møter Sjusetevegen. Planområdet tar med området rundt Laksahølen, Busdalen, deler av Skårdalsvegen og Stopelsgjerd, Mikkjelsflaten og austover til ein møter planen for fylkesvegen mot Laupsa.



Figur 1 Forslag til planområde



Figur 2 Flyfoto over planområdet med viktige stadnamn

2 Planprosess

Oppstartsmøte og synfaring med Kvam herad vart halde 28.01.2021 og planprogrammet er utarbeida etter føringar frå møtet.

2.1 Konsekvensutgreiing

Områdeplanen skal utarbeidast i samsvar med plan- og bygningslova § 12-2. Kvam herad har vurdert at planen i all hovudsak er i tråd med kommuneplanens arealdel og at krav om konsekvensutgreiing jamfør plan- og bygningslova § 4-1 og 4-2 difor fell ut.

2.2 Planprogram

Frå plan- og bygningsloven § 4.1:

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.»

Føremålet med planprogrammet er å klarleggja premiss og rammer for planarbeidet, dvs. fastsetja kva tilhøve som skal utgreiast og vurderast nærare i planframlegget. Områdeplanen for Øystese vil i all hovudsak vera i tråd med arealplanen og det er difor ikkje lovpålagt å utarbeida eit planprogram. Når kommunen likevel vel å gjera dette, så er det for å sikra god forankring og medverknad tidleg i planprosessen. Dette er viktig for å kunne utarbeida ein plan som løyser det viktigaste først og som legg til rette for ønskt utvikling på kort og lang sikt.

Planprogrammet byggjer på ulike medverknadsprosessar som har vore i Øystese dei seinare åra. Dette gjeld både moglegheitsstudien utført av Urban Rabbe og Cowi si studie av Øysteseelva. I tillegg vil arbeidet gjennom LivogLyst-prosjektet og ulike innspel frå lag og organisasjonar vera viktige bidragsytarar.

2.3 Planforslag

Det fastsette planprogrammet skal leggjast til grunn for utarbeiding av planforslag. Ved utlegging av planforslaget til offentleg ettersyn skal det gjerast greie for konsekvensane av planforslaget i ei planskildring. Frå plan- og bygningsloven § 4.2:

«Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.»

2.4 Planprosess

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova, *Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter PBL og forskrift om konsekvensutgreiing.*

Områdeplanen skal gjennomførast med følgjande prosess:

- Forslag til planprogram saman med varsel om oppstart vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør §12-8 og §12-9.
- På bakgrunn av innspel til oppstartsvarsel høyring og offentleg ettersyn av planprogram, vert endeleg planprogram politisk fastsett i heradsstyret.
- Planforslag med plankart, føresegner, planomtale med vurderingar av konsekvensar vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.

- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert sendt til Kvam herad og handsama av ansvarleg mynde i kommunen med vedtak om å leggja planforslaget ut på høyring og offentleg ettersyn med seks vekers høyringsfrist. Naboar, råka partar og offentleg mynde kan kome med fråsegn og uttalar til planforslaget.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Planforslaget kan leggjast fram for vedtak (2. gongs handsaming) i kommunen.

I arbeidet med detaljreguleringa er det lovpålagt med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet. Det vil bli gjennomført dialog opp mot kommune, regional planmynde og grunneigarar og næringsaktørar i prosessen.

Melding om oppstart og offentleg ettersyn av planprogrammet vert kunngjort gjennom annonse i minimum ei avis, på kommunen si nettside og gjennom brev til offentleg mynde, organisasjonar og naboar.

Ein områdeplan for ei heil bygd kan verta eit svært omfattande arbeid om planen skal løyse alle tema og problemstillingar som folk er opptatt av og som treng avklaringar. Tidleg i planprosessen må det difor diskuterast kva tema planen skal ha hovudfokus på. I denne fasen er det særleg viktig med ein open og inviterande dialog med innbyggjarar, lag og organisasjonar og overordna mynde slik at ein sikrar ein planprosess som løyser oppgåva innanfor tilgjengelege ressursar og innanfor eit fornuftig tidsperspektiv. Kvam herad har peikt på tema som dei meiner det er særleg viktig å sjå nærare på. Desse er omtalt i kapittel 4.

I samband med varsel om oppstart av planarbeidet og offentleg ettersyn av planprogrammet skal det gjennomførast informasjonsmøte/dialogmøte. Også i samband med offentleg ettersyn er det naturleg med ein dialogbasert medverknadsprosess.

Planen vil gå inn på fleire område som rører ved offentleg mynde sine ansvarsområde. Dette gjeld mellom anna NVE, Vestland fylke og Statsforvaltaren. Tett samarbeid med overordna mynde er avgjerande for å ein tenleg plan innanfor rimeleg tidshorisont.

2.5 Organisering

Oppdragsgivar er Kvam herad v/planavdelinga. Kvam herad er ansvarleg planmynde og skal godkjenne områdeplanen.

Prosjektgruppe:

Trond Inge Brakestad –prosjektleder
 Heidi E. Ørjansen –prosjektdeltakar -plan
 Leiv Ingmar Kaale –prosjektdeltakar -plan
 Reidun Kjosås –prosjektdeltakar -folkehelse
 Nils Eivind Stranden –prosjektdeltakar –teknisk/veg/va
 Tore Torsvik –prosjektdeltakar –skule
 Torunn Agnete Sørheim –prosjektdeltakar -barnehage
 Dag Erlend Skjelbreid –prosjektdeltakar -helse og omsorg
 Jan Tjosås –prosjektdeltakar –næring
 Jon Nedkvitne –prosjektdeltakar –samfunn/næring/kultur
 Stein Rykkje –prosjektdeltakar –teknisk/bygg
 Aina Tjosås -Konsulent –ABO plan og arkitektur

Referansegruppe:

FAU/elevråd/SU ved skulane og barnehagen

LivogLyst

Øystese grendautval

Øystese næringslag

Ungdomsrådet

Kvam naturvernforbund

Evt andre ved behov som Busdalen Utviklingsselskap, Øystese Indremisjon, Øystese Båtlag m.m

2.6 Framdrift

FASE	ORGAN	FRAMDRIFT
Offentleg ettersyn av planprogram og varsel om oppstart		Mars 2021
Vedtak av planprogram	Heradsstyret	Okt 2021
Utarbeiding av planforslag		Mars- Okt 2021*
1. gongs handsaming av planforslag	Planutvalet	Feb 2022
Offentleg ettersyn av planforslag		Feb/mars 2022
Handsaming av merknader/revisjon		April 2022
2. gongs handsaming av planforslag	Planutvalet	Juni 2022
Vedtak av områdeplan	Heradsstyret	Juni 2022

*Framdrift avheng av eige analysearbeid med flaumsikringstiltak Øysteseelva

3 Føringer og rammer for planarbeidet

3.1 Nasjonale føringer og rammer

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremja samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstader, leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremja helse, miljø og livskvalitet.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, 2018

Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og anna myndigheits- og verksemdutøving stimulera til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal og bidra til at samfunnet vert førebudd på og tilpassa klimaendringane (klimatilpassing).

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Føremålet med retningslinja er å tydeleggjera nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ta i vare ålmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jf § 1-8 i plan- og bygningslova. I strandsona skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser.

Nasjonal transportplan

Nasjonal transportplan omhandlar transport til sjøs, på veg, jernbane og i lufta og ser desse transportformene i samanheng. Overordna mål er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekkjer samfunnet sin trong for transport og regional utvikling.

Rikspolitiske retningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planlegging

Dei rikspolitiske retningslinjene for barn og planlegging har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine trong.

Nasjonal jordvernstrategi

I nasjonal jordvernstrategi er det fastsett eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar (08.12.2015). Av omsyn til beredskap, busetting, sysselsetting/verdiskaping, kulturlandskap og andre miljøverdiar skal det drivast jordbruk i heile landet. Dersom ein må vege jordressursar mot andre omsyn, skal den verdsetjast eller klassifiserast. I tillegg må det vurderast om arealet er lettdrive ut frå arrondering, storleik og tilgjenge, og om det er del av eit større, samanhengande jordbruksareal. Det skal leggjast vekt på drifts- og miljømessige forhold for attverande jordbruk.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (14. mai 2019)

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventingsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å finne heilskaplege løysningar, der lokale forhold og lokalpolitiske interesser og omsyn vert ivaretatt, saman med nasjonale og viktige regionale interesser.

Rikspolitiske retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging(T-1442/2016)

Anbefalar støygrenser ved etablering av nye bustader og annan busetnad med støyfølsam bruk. Gul sone er vurderingssone der nye bygg kan oppførast dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold. I rød sone bør ein unngå bygg med støyfølsamt bruksføremål. Støyfølsam bruk er bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skuler og barnehagar. Lydkrava i byggt teknisk forskrift (TEK 17) gjeld og for andre typar bygningar med støyfølsam bruk, som kontor og overnattingsstader.

Folkehelseperspektivet , jf. Plan og bygningslova § 3 – 1.

Alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludera vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningslova §3-1. Planlegginga skal vera helsefremjande gjennom å fremja faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verna mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4.

Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Universell utforming er ein strategi for planlegging og utforming av produkt og omgjevnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle. Universell utforming er utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneskje, i så stor utstrekking som mogleg, utan trong for tilpassing og spesiell utforming.

3.2 Regionale føringar og rammer

Regional plan for klima og energi, 2014-2030

Hovudmålet i klimaplanen er at utslepp av klimagassar skal reduserast med 22 % innan 2020, 40 % innan 2030 i høve til 1991. Energibruken skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet skal i tillegg i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald. Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, som er lagt til grunn på presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve. Hordaland skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal.

Regional Transportplan for Hordaland 2018- 2029

Regional transportplan Hordaland er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål for alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar i handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Kollektivstrategi for Hordaland

Strategien viser til utvikling fram mot 2030. Ut over måla om å unngå trafikkork og å betre miljøet, skal vi ha eit kollektivtilbod i heile fylket. Kollektivtilbodet skal dekke mobilitetsbehov for innbyggjarane med eit overordna linjenett mellom regionsentra og Bergen og strategisk viktige linjer på tvers mellom regionsentra

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Regional kulturplan legg til grunn at kultur har ein klar eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom. I Hordaland skal kulturpolitikken vere ein grunnleggande premiss for samfunnsutviklinga. Kultursatsinga skal fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte mennesket, i samfunnet og ha verkemiddel for å ta vare på og utvikle verdiar og ressursar. Kultur- og idrettspolitikken skal sikre ein sterk kulturell infrastruktur av kultur- og idrettsarenaer ute og inne og eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Innbyggjarane i heile fylket skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv

Regional plan for attraktive senter i Hordaland- senterstruktur, tenester og handel 2015- 2026

Planen har følgjande hovudmål: Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal leggje til rette for vekst i heile fylket.

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og drive næring i.
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.

Regional næringsplan 2013- 2017

Næringsplanen er eit strategisk dokument som syner kva for strategiar som er særskild prioriterte for å møte dei viktigaste utfordringane næringslivet står ovanfor i fylket. Planen skal føre til at næringslivet når resultat i form av meir innovasjon, fleire arbeidsplassar og meir verdiskaping. Planen peikar på viktigaste utfordringar

og overordna grep og strategiar med meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med relevant kompetanse og ein velfungerande Bergensregion med attraktive regionale senter.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Regional plan for folkehelse 2014-2025

Eit sentralt punkt i folkehelsesatsinga og for å sikre god helse for framtidige generasjonar, er førebyggjande og helsefremjande innsats retta mot å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve. Helsevenleg samfunnsplanlegging og omsynet til «helse i alt vi gjer» er berande element i planen. Universell utforming er og inkludert i planen, då eit godt universelt utforma samfunn gjev det mogleg at alle kan delta på like vilkår, og jamne ut sosiale helseskilnader.

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

Dei nasjonale måla for forvaltning av verna vassdrag er gitt ved Stortingets behandling av verneplanane for vassdrag, bl.a. i Innst. S. nr 10 (1980-81).

For å oppnå måla, må det særleg leggjast vekt på:

- a. unngå inngrep som reduserer verdien for landskaps-bilete, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø,
- b. sikre referanseverdien i dei mest urørte vassdraga,
- c. sikre og utvikle friluftslivsverdien, særleg i område nær befolkningskonsentrasjonar,
- d. sikre verdien knytt til førekomst/område i dei verna vassdraga sine nedbørfelt som det er fagleg dokumentert at har betydning for vassdraget sin verneverdi,
- e. sikre dei vassdragsnære områda sin verdi for landbruk og reindrift mot nedbygging der desse interessene var ein del av grunnlaget for vernevedtaket

3.3 Lokale føringar og rammer

Samfunnsdelen til kommuneplanen- 2015-2030

Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvamma-samfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. I forordet til planen er det vist til at planen vidarefører tema frå tidlegare plan, samt tar inn nye tema i tråd med nasjonale føringar:

Folkehelse og berekraftige utvikling er grunnleggjande tema
Stadutvikling og infrastruktur er eit viktig hovudmål
Verdiskaping, bustad og livskvalitet er viktige fokusområde

I samband med samfunnsplanen er det lagt til grunn av Kvam skal byggja på ein tettstadstruktur som styrkjer offentlege tenestetilbod og gjer sentra attraktive for privat bustadbygging, næringsutvikling slik at folk vert buande. Målsettinga og strategiane for senterstruktur er eit av dei viktigaste satsingsområda i planen. Dette skal styrkja befolkningsgrunnlaget og leggja til rette for vekst og utvikling i næringslivet. Arealstrategiane legg opp til ei styrking av sentrumskjernane, i høve til private og offentlege tenestetilbod i Norheimsund og Øystese.


Kommuneplanens arealdel 2019-2030

I kommuneplanens arealdel er senterstrukturen definert og det er avklart arealforvaltning rundt dei ulike tettstadane. Areal og transport skal sjåast i ein samanheng der eksisterande gang- og sykkelvegssystem enten skal utbetrast, eller nyttast slik dei ligg i dag. Utviklinga skal føregå langs desse aksane, og det skal arbeidast ut frå ein tankegang om universell utforming, tilrettelegging for kollektivtransport, sykling og gange. For Øystese er følgjande framheva i arealplanen:

- Offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokaliserast i sentrum eller innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. Bustadbygging i same område skal ha høg arealutnytting.
- Einebustader bør berre byggast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10 minutt gåavstand. Dei områda som ligg innanfor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging. Innafor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og sykkelvegssystem og etablerte bustadområde.
- Ålmenta skal sikrast tilgang til strandsona og større samanhengande grøntområde når reguleringsplanar vert utarbeidd.

Næringar basert på stadbundne ressursar kan lokaliserast i område der desse høyrer naturleg til. Detaljhandel skal liggja i sentrum.

Planområdet er i kommuneplanens arealdel i hovudsak sett av til sentrumsføremål, offentlege føremål, næring, bustader og noverande og framtidig næringsområde. Området i sørvest er sett av til framtidig grøntstruktur, mens områda i aust er LNFR (landbruk-, natur- og friluftsføremål samt reindrift). I nord og nordvest er det sett av areal til bustadar.



Figur 3 Utsnitt gjeldande arealplan.

Kommunedelplan for næring og kompetanse i Kvam 2015-2023

Kvam har hatt nedgang i tal arbeidsplassar, medan resten av landet har hatt kraftig vekst dei siste ti åra. Nedgangen har ramma basisnæringane i Kvam, særleg industrien og landbruket i kommunen. Hovudårsaka til nedgangen er at Kvam har hatt ein uheldig næringsstruktur, med store delar av næringslivet i bransjar med nedgang. I planen står det at næringsutviklinga i Kvam skal leggja til rette for og sikra eksisterande næringsliv. Gjennom samarbeid skal Kvam vidareutvikla næring og handel og stimulere til etablering av ny verksemd. Kvam skal prioritera å marknadsføre det som er, og leggja til rette for nytenking og gründerverksemd.

Energi og klimaplan 2012-2015

Formålet med planen er å sikre:

- at heradet er eit førebilete lokalt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp.
- ein meir effektiv energibruk og omlegging til energifleksible løysingar i heile heradet. Kommunal bygningsmasse skal redusere energibruken med minst 10 prosent.
- at heradet nyttar eit bredt spekter av verkemiddel og utnyttar sine roller til å redusere det lokale klimagassutsleppet.

Kvam herad har gjennom fleire kommuneplanperiodar arbeidd målretta med overordna styringsprinsipp i kommuneplanen sin arealdel for å redusere transportbehova i Kvam. Fortetting, fleirfunksjonelle tettstader og kompakt bustadbygging i sentrumsområde er nokre døme på utbyggingsprinsipp som er vidareført i gjeldande arealplan.

Trafikksikringsplan 2020-2023

Føremålet med planen er å strekkja seg mot ein tilstand der ingen vert drepne eller hardt skadde i trafikken. Trafikksikringsarbeidet skal fokusera på å redusera talet på trafikkulykker og alvorsgrad på ulykkene som skjer. Fysiske tiltak skal særleg rettast mot skuleveggar og hente-/levere ved skular og barnehagar. Samanhengande gang-/sykkelveg på strekninga Laupsa-Lid-Aksnes har vore prioritert i planen og er i stor grad ferdigstilt. Trafikksikringsplan for perioden 2020-2023 vart godkjent i februar 2020.

Kommunedelplan for landbruk i Kvam 2005-2014

Hovudmålet med landbruket er å sikra ein trygg matproduksjon, stabil busetnad i distrikta, berekraftig ressursforvaltning, levande kulturlandskap og verdiskaping som kan hjelpa til med å halda oppe sysselsetjinga i bygdene. Landbruket har også eit stort ansvar for å halda oppe det biologiske mangfaldet for komande generasjonar. I delar av Kvam er landbruket avgjerande for busetnaden. For heradet utgjer landbruket ein vesentleg del av det samla næringslivet, kulturen og det sosiale miljøet. Kulturlandskapet som er avhengig av eit aktivt landbruk, skapar mykje av bygda sin identitet, og det varierte landskapet har mykje å seia for reiselivet.

Planen trekkjer mellom anna opp følgjande framlegg til praktisering:

Det må vera eit overordna mål å ta vare på og halda dyrka mark i produksjon. Heradet må ta opp arbeidet med å prioritera dei viktige områda med dyrka mark og kulturlandskap. Arbeidet er særleg viktig i område med utbyggingspress. Landbruket er viktig for busetjinga i heradet. Å halda oppe folketalet i grendene utafor sentrum er avgjerande for både dei som driv landbruk og dei som elles ønskjer å bu der.

Kommunedelplan for kulturminne 2017-2027


Kvam er ein kommune som er rik på kulturminne. Å forvalta desse på ein god måte er eit felles ansvar. Kulturminne og kulturmiljø er i dag rekna som fellesverdiar i samfunnet. I dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging av 12.06.2015 står det vidare at «kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål».

3.4 Godkjente reguleringsplanar i området

Arealet som ligg innanfor plangrensa er i all hovudsak regulert. Einaste unntaket er området ved sjukeheimen



Figur 4 Uregulert område ved sjukeheimen



Figur 5 Oversikt godkjente reguleringsplanar i området

Godkjente planar:

PlanID	Plannamn	Hovudføremål med planen
4622 19540003	Øystese sentrum	Sentrumsføremål, forretning, lager, forsamlingslokale m.m.
4622 19850006	Øystese sentrum	Sentrumsføremål, barne- og ungdomsskule, industri, hotel, bustad
4622 19910002	Øystese sentrum	Sentrumføremål, offentlig, almennyttig, bustad, veg, park m.m.
4622 19740001	Vavollen	Bustader
4622 19880003	Grustaket	Bustader, industri
4622 20010006	Mikkjelsflaten	Offentleg føremål, kulturhus, forretning/kontor, veg m.m
4622 20080004	Busdalen	Bustad, barnehage, kontor, forretning, veg m.m.
4622 20100019	Øystese kaien	Kyrkje, badeanlegg, hotel, parkeirng, friområde, kai m.m.
4622 20100011	Fv7 Laupsa-Øystese	Fylkesveg og gang-/sykkelveg
4622 20100002	Tunet	Offentleg og privat tenesteyting, veg, bustad, forretning m.m
4622 20130001	Sjoaskår	Bustader
4622 20100019	Hardangerbadet	Offentleg privat tenesteyting, friområde, hotel, småbåthamn m.m
4622 20170003	Notaneset	Reinseanlegg

4 Utfordringar og sentrale problemstillingar

I dette kapittelet vert det gjort greie for utfordringar og problemstillingar som er vurdert som sentrale for dette planarbeidet. Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. I planskildringa skal ein skildre eksisterande arealbruk, kva ein føreslår endra og kva verknader endringane har for ulike tema som landbruk, kulturminne, barn og unge, naturmangfald, tilgjenge, naboar med meir

Kvam herad har peikt på nokre tema som er vurdert som særleg viktige og som skal vektleggjast:

Trafikk/mobilitet

Framtidsretta løysingar for biltrafikk, parkering og god tilkomst for gåande/syklende er ein føresetnad for vidare utvikling av Øystese. Det er svært viktig å sjå desse temaa i samanheng. Aktuelle tema å sjå nærare på i områdeplanen er:

1. Etablering av miljøgate gjennom sentrale deler av sentrum, standard, utforming, lengde og eventuelt byggetrinn
2. Analysera effektane ei realisering av ny veg frå Vik til Holmane vil ha for trafikkavviklinga for bussar, bilar og mjuke trafikantar, i og rundt skulane og idrettsanleggja, særleg med tanke på trafikktryggleik og trafikkflyt.
3. Løysingar for renovasjon og varelevering ved skular/barnehagar/helsesenter
4. Etablera *Hjartesone* ved barneskulen. Lokalisering og leing av trafikk med tanke på trafikk-tryggleik og konsekvensar for nærområda.
5. Sjå på dagens situasjon kring parkeringsløysingar og analysere aktuelle tiltak som kan løyse dette på ein meir arealeffektiv måte for eksempel ved fellesløysingar og kollektivparkering.
6. Etablera naturlege kryssingspunkt over fylkesvegen mot skule/idrettsområde, butikkområde og andre viktige målpunkt for å sikre trafikktryggleik og naturlege gangsoner.
7. Leggja til rette for nye gangstiar/-soner, sikre eksisterande snarveggar, stiar, gangveggar/-bruer m.m. som reduserer avstandar, knyter ulike målpunkt tettare saman og sikrar trafikktryggleiken.


Offentlege område/føremål

Øystese er ei bygd med mykje aktivitet rundt idrett og friluftsliv. Områdeplanen må vise moglegheiter for nødvendig utviding av eksisterande anlegg og eventuelt nye anlegg og infrastruktur i samband med anleggja. Kommuneplanens arealdel har regulert inn fleire nye området til OPT (offentleg eller privat tenesteyting). Dette gjeld nye område på Mikkjelsflaten og ved Øysteseheimen, og ved barneskulen, merka OP48, OP50 og OP66 i kartutsnittet under, figur 6.

Aktuelle tema å sjå nærare på i områdeplanen er:

1. Behov for utviding av eksisterande anlegg, behov for nye offentlege tenestetilbod/anlegg og om eksisterande areal kan nyttast på nye/betre måtar.
2. Kvam vidaregåande skule skal samlokalisere sine avdelingar i Norheimsund og Øystese i nytt anlegg i Norheimsund. Vidare bruk av tomt/bygningar der Øystese gymnas no held til, bør avklarast i områdeplanen.
3. Etablering av «demenslandsby».
4. Området i Busdalen skal planleggast for høg bruksfrekvens med eit mangfald av aktivitetar for organisert og egen organisert aktivitet.

5. Leggja til rette for opprusting av Øystese barneskule. Utbygginga skal sikra god arkitektur, og ivareta eit variert uteareal som fremjar natur, lek og motorisk utvikling.



Figur 6 Kartutsnitt som viser nye offentlege areal OP48, OP50 og OP66

Øysteseelva og blågrøne strukturar

Elva er nyleg verna. Samstundes viser prognosar at flaumfaren er stor langs elva. Cowi har laga ein moglegheitstudie som viser forslag til flaumsikring og tilrettelegging langs elva. Dette arbeidet vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med områdeplanen.

Klimaendringane fører til meir og kraftigare nedbør, noko som vil utfordre etablert infrastruktur og eksisterande overvatn-system. Dette krev at både eksisterande infrastruktur og ny infrastruktur må handtere forventa auke i vassmengd fram mot år 2100. I enkelte tilfelle kan eksisterande drenering nyttast der tilstand og kapasitet oppfyller krava.

Oppgradering av rørsystem, som tar unna forventa vassmengder, er svært kostnadskrevjande. Det er difor viktig å løyse utfordringar med overvatn på nye måtar og der vatnet i større grad kan vere ein ressurs. Blågrøne-strukturar som opne vassvegar, regnbed, og grøntareal kan vera slike tiltak. Områdeplanen vil særleg sjå på følgjande:

1. Analysere nedbørsfelt ut frå dagens situasjon. Vidare legge inn planlagt situasjon med t.d. nye bygg og opne vassvegar for synleggjere konsekvensar av dette og arealbehovet for nye opne vassvegar.
2. Sjå på dagens situasjon og kor det er kritiske lågpunkt der overflatevatn samlar seg. Analysere aktuelle tiltak oppstraums desse lågpunkta, og med dette regulere avbøtande tiltak i områdeplanen.
3. Områdeplanen må konkludere med val av løysing for flaumsikring og sikre nødvendig areal langs elva til gangvegar, fiskeplassar og møteplassar for ålmenta. Val av tiltak og løysingar for elva må skje i tett samarbeid med NVE og der ein også tar særleg omsyn til naturmangfaldskvalitetane langs elvekanten.

Sentrumsutvikling, næring, og fortetting/transformasjon

Øystese sentrum er eit tydeleg avgrensa geografisk område og tilgjengeleg utbyggingsareal må disponerast slik at ein nyttar areala optimalt. Bustader er viktig for å skape eit levande sentrum og områdeplanen må vise moglegheiter for fortetting, nye utviklingsområde og eventuelt areal for blanda føremål.

Gode tilhøve for næringsutvikling og servicetilbod er viktig for vidare utvikling av Øystese. Området frå Evjo og inn mot sentrum er i kommuneplanen lagt inn som sentrumsføremål. Det betyr at dette området ligg til rette for transformasjon og anna bruk enn i dag.

Områdeplanen vil sjå nærare på følgjande tema:

1. Analysera aktuelle areal/tomter for fortetting, transformasjon og sambruk som kan bygge opp kring ønskje om eit differensiert bustadtilbod og eit godt fungerande næringsliv i sentrum av Øystese.
2. Reetablering av tyngre næringar på Skarpen, løyser ut eit areal for utvikling frå hotellet og mot Evjo. I samband med områdeplanen skal det lagast ei moglegheitsstudie for arealbruk på dette området (S9, S15 og FRI18). Areal til næring, bustader og rekreasjon er viktige tema i dette arbeidet.
3. Føresegner som seier kva type næringar/handel og servicetilbod som kan plasserast kor i bygda. Der det er naturleg bør føresegnene vere så detaljerte at vidare utvikling av heile eller deler av områda kan gå direkte til byggesak.
4. Overordna retningsliner for arkitektur og estetikk, her under møblering, skilting, lyssetting, farge og materialbruk m.m